



## Barnas Turlag Naustdal

### Søndag 7.juni: Trollskogen - Bruflotstølen

**Avgang / parkering:** Skianlegget i Instedalen

**Tid:** kl 11.00.

**Turleiar:** Janne L. Svorstøl 95224703 og Jill Aven 91853374

Turen går frå parkeringsplassen ved Instedalen Skianlegg. Vi går først eit lite stykke langs vegen mot Reinene, før vi svingar inn på stien gjennom Trollskogen. Terrenget blir deretter noko brattare eit kort stykke, før det flatar ut inn mot stølen. Ha på gode kle og sko, det kan vere vått enkelte stader. Siste del av turen kan det vere snø. Ta med niste, drikke og turpass. Turen passar for dei fleste, det tar ein knapp time opp til stølen.



For å vere med på tur er det berre å møte fram, det er inga påmelding. Har de spørsmål, ta kontakt med turleiar. **Alle born skal ha følgje med vaksne.** Ta med mat og drikke, og kanskje litt ekstra kle. Det er ikkje krav om å vere medlem av turlaget, men ein kan melde seg inn viss ein ynskjer til kontoret i Førde eller på internett. For meir info sjå Barnas Turlag Naustdal på Facebook eller [www.istur.no](http://www.istur.no)

Møte mellom menneske